




# Kyrkjeblad *for Vestre Slidre*



III.foto: CJillReed on flickr

For så elska Gud verda  
at han gav Son sin, den einborne,  
så kvar den som trur på han,  
ikkje skal gå fortapt,  
men ha evig liv.

Joh 3, 16, «Den vesle bibelen»



# Påskeandakt frå biskopen 2022

Det er krevjande å gå inn i påsketida utan å ha med seg det bakteppet som speglar seg i verda. Når dette blir skrive rullar bilete frå krigen og invasjonen i Ukraina over skjermane. Det er forferdeleg å sjå på, og det minner oss om den menneskelege lidinga som skjer både der og andre delar av verda kvar einaste dag. Folk mistar hus og heim, det er redde barn og vaksne, soldatar som døyr, og menneske på flukt.

Tekstane i påska dekker heile livsspennet. Jesu død på krossen blir eit synleg symbol på håp midt i ei verd merkt av liding og vondskap. På denne krossen hang Jesus, kjærleikens, fredens og rettferdas Gud. Gjennom hans oppstode får vi sjå så tydeleg at denne lidinga slett ikkje har siste ord – men at det er eit liv etter døden. At døden og det vonde aldri vil kunne sigra over det som er godt. Kristus er verdas ljós, og dette ljoset kan aldri myrkret sløkke.


Påska gjev høve til å lyfte fram dette håpet. Gje merksamd til dei som lid, og syne at vi har ein Gud som sjølv har kjent på kroppen kva dette inneber. Å vere einsam, i smerte, tørst og svolten. Å vere flyktning.



Ja, Gud forstår godt korleis det er å vere eit menneske – både styrke, sårbarheit og nestekjærleik. Som kyrkje er vi kalla til å formidle dette ut til heile verda, frå kvar ei kyrkje og i alle lokalsamfunn.

Denne påska ber vi, i ljós av Jesu oppstode, for folket i Ukraina, og for alle menneske som opplever krig og øydeleggingar i verda. Jesus Kristus, kom med din fred!

Solveig Fiske



# **Gud senker seg ned – heilt ned – for å løfte oss opp**

Når vi er urolege.

Når vi dagleg ser menneske som lid.

Der er også Gud. Midt i alt som skjer.

Eg trur vi treng håpets hage, akkurat som forbrytaren som blei krossfest ved sida til Jesus. Han såg Jesus og ante at han var annleis. Han spurte ikkje om han kunne vere med inn i paradiset, berre om å bli hugsa på, vere med i Jesu tanke.

Eg klamrar meg til at eg har ein ven som har gitt sitt liv for at eg skal få leve.

Ein ven som senker seg heilt ned – for å løfte oss opp.

Ein ven som går gjennom mørket til lyset – tek oss gjennom vårt mørke og gjev oss lys.



Huset HÅP på Slidreøya – er ein håpets hage – akkurat som kyrkjene våre er det. Ordet paradis er opprinneleg eit persisk ord for hage, og Gudshusa våre er som ein hage.

Dei hjelper oss til å hugse på at det finst noko bestandig, noko som veks – noko som står støtt i alt, trass alt. Orda: *Eg er med dykk alle dagar så lenge verda står gjeld også no. Jesus vil halde oss i handa når han seier: Eg gjev livet mitt for dykk og fortsett: Eg går bort og gjer i stand ein stad for dykk så de kan vere der eg er.* For meg er dette påske.



Slidreøya. I møte med HÅP har tankar vandra til hender og hendene har forma dei varaste ting som gjev mat til sjela, ein augneblink i ro, let auga kvile på det vakre og strekkjer tanken mot framtid, fortid, livet no og det å vere med i Jesu tanke.

Eit lysbord med hjarte og kross – så vi kan tenne lys for dei vi tenkjer på, når vi kjenner på eit sakn og kanskje veit at vi har gjort nokon vondt, til ettertanke, til bøn, til tilgjeving.



Krusifikset kan vise oss ei kjærlekshandling så stor at vi tør rette ryggen og gå vidare. For Gud let Jesus søkke ned – heilt ned i djupaste mørke – for å løfte oss opp. Han gjorde det for meg. Han gjorde det for deg.

*Frå panna, handi, foten hans flyt sorg og kjærlek saman ned.*

*Kvar fletta klungar slik ein krans, og når vart strid til slik ein fred?* (N13 nr. 170)

Dua i stein – låg i ei ur – blei plukka opp og forma. Ho kan fortelja at Gud ikkje er langt borte frå oss nokon gong. Ho sender sine strålar ut for å vise veg som ei gyllen sol.

*Som den gylne sol frembryter gjennem den kullsorte sky  
og sin stråleglans utskyter, så at natt og mulm må fly,  
så min Jesus av sin grav og det dype dødens hav  
oppsto ærefull av døde imot påskemorgenrøde.* (N13 nr.190)

Berit Kristin Klevmoen



# Eg levande såg han i hagen!

Ei verseline frå påskesalmen «Å sälaste stund utan like» seier det slik. Johan Halmrast, forfattaren, kalla songen «Maria Magdalenas jubel», og det er ho som er «eg-personen» i teksten.

## PÅSKEMORGON

Alt ståk og all uro har lagt seg. Hanen har tagna og knept att nebbet, Peter har turka tårene, Judas har gjort sitt og krossen står tom. Alt er stilt. Heilt til Maria Magdalena kjem dansande og jublende over markene. Ho har nyleg fått møte att venen sin, Jesus, etter oppstoda og held på å sprekke av glede! No skal ho av garde og rope ut til disiplane og alle andre folk om dette store underet. Kan hende ho då gledestrålande har sagt at ho verkeleg har sett han. Levande. I hagen. Om muleg for å overtyde skeptiske tilhøyrarar.

## NOLE ME TANGERE

Ho stod einsam ved grava: Den var tom. Ærendet var å salve den døde, slik skikken var. Så vart ho var ein mann og trudde først det var gartnaren, men då han sa namnet hennar og ho høyrdé den særegne stemma med den varme klangen, skjønte ho straks kven det var, og ho vart så glad!

Ho snudde seg, såg på han, på spranget bort til han og sa på hebraisk:

– Rabbuni! som tyder meister.

Han svara henne:

– Nole me tangere (rør meg ikkje), for enno har eg ikkje fare opp til Faderen. Men gå til brørne mine og sei at eg snart fer til Han.


Då skunda Maria Magdalena seg i veg på lette, lykkelege steg.

## KVEN VAR DENNE MARIA MAGDALENA?

Det vi veit er at ho kom frå byen Magdala, som ligg på vestsida av Genesaretsjøen, derav tilnamnet Magdalena. Mange kvinner heitte Maria den gongen, og det er lett å blande dei saman. Det var ikkje mindre enn tre Maria'er som var vitne til krossfestinga; Jomfru Maria, Jesu mor, Maria Klopas, mor til Jakob og Maria Magdalena.

Elles kjenner vi til Maria, syster til Marta og Lasarus i Betania, og der, om ikkje før, melde tvilen seg for eittertida om kven som var kven.

Det var ein generell tendens i perioden etter nedskrivninga av dei nytestamentlege tekstene at ulike individ med likt namn vart oppfatta som ein person.



Bildemix av meg, etter Michiel Coxie og Andrea Botticelli (Freistarinnene Eva og Maria Magdalena)

## SYNDARINNE?

Andre kvinnesikkelsar vart av denne grunn ofte vanskelege å halde frå kvarandre. Dei kom til Jesus, frå ulike kår og syslar, med bøn om bot og betring. Det kunne vera tale om syndeforlating, lækjedom for ymse slags plager og sjukdomar eller utdriving av demonar. Hjelp fekk dei, og dei gret av takksemd; dei salva han både med kostbar olje, dyr parfyme og eigne tårer – ei turka han jamvel med det lange håret sitt. Så feste etter kvart namnet Maria Magdalena seg i hugen – og vips! – der hadde dei – skrivarane – funne ut kva lastefulle kvinner med därleg rykte skulle kallast, og over tid utgjera ei og same dame!

Maria Magdalena vart offeret. Ho var ute av stand til å forsvere seg i det mannsdominerte samfunnet, og fekk prakka på seg eit syndefullt liv, eit merke som skulle bli hangande ved henne i all framtid, noko som gav god næring til folkefantasien. Det grodde fram eit villniss av legender om henne, både i og utanfor kyrkjelæra, og forfattarane fekk rikeleg med stoff til mange slags former for litteratur.

## HEKS?

Sterke krefter har gjort Eva med eplet og Maria Magdalena med ryktet til representantar for kvinner som er ute etter å freiste mannen og føre han bort frå den rette leia til Gud. Slike demoniske og erotiske tankar gjorde kvinna til ein satans reiskap, og vart mellom andre ting eit bakteppe for hekseprosesane.

## DISIPPEL?

På den andre sida hører vi at Maria Magdalena var med i disippelflokken. I Egypt vart det ved eit høve grave fram ei leirkrukke med gamle skrifter. Blant dei var Thomas-evangeliet. Frå før kjenner ein til restar av Mariaevangeliet, som var esla åt henne, og Filipevangeliet.

I alle desse står Maria Magdalena fram som ein sentral person, meir omtala enn dei fleste disiplane. Andre kvinner var og med i flokken. Dei gjorde nytte for seg som lærarar og rådgjevarar, men Maria Magdalena var den fremste. Ho hadde ein autoritet like sterk som Peter, fekk ei særstilling blant disiplane og knytte nære band til Jesus. Det er og sagt at Han lærde henne opp på område han mente disipline ikkje skjonte seg på.

I Johannesevangeliet står det at Maria Magdalena mottok ei spesiell openberring. Det oppdraget Jesus gav henne då, gjorde til at ho vart kalla Apostlanes Apostel.

Dette mislikte Peter sterkt:

- tala Jesus verkeleg med ei kvinne utan at han, Peter, visste om det?
- hadde han gjeve visdomen sin vidare til henne?
- skulle dei høyre på henne no?
- kom liksom ho, – ei kvinne (!) – til å bli meir akta enn han?

Det ville han ikkje finne seg i!

Her merkar vi motsetnad mellom kvinner og menn i den tidlege kyrkja. Rabbien Jesus braut med jødisk tradisjon og likestilte kvinner og menn medan han gjekk rundt og for-



Apostel Maria Magdalena av Piero di Cosimo 1504.

kynte. Dei var unge menneske i sin beste alder, og saman opplevde dei nok både kjenslefylte og dramatiske hendingar.

Det er referert til ein episode mellom disiplane etter at Jesus er borte. Stemninga er dyster og pessimistisk. Peter sit der, sår, sur og sjalu, og bed Maria Magdalena fortelja kva Frelsaren eigentleg har sagt til henne. Det gjer ho, men når ho er ferdig, sår Andreas tvil om ho kan ha referert Frelsaren rett. Det ho kjem med der, høyrest heilt merkeleg ut, synest han, og Peter hengjer seg på, øser seg opp og kjeftar på henne. Ho byrjar å gråte, og Levi må gå mellom for å roe ned Peter, og bed han styre sinnen sitt.

Etter Jesu død var det menn som tok over styringa og skauv kvinnene ut. Tradisjonen syrgde for å gløyme dei.

## KJENDE BILETKUNSTNARAR,

som t.d. Rubens, Rembrandt, Botticelli, Caravaggio og mange fleire vart heilt forførde av førestillinga om den angrande syndarinna, den guddommelege hora eller den heilage prostituerte. Dei fråtsa i stoffet; dei har hogge, skore og måla biletet av henne inn i marmoren, i treverket og på altartavlene for evig og alltid.

Vår eigen Arnulf Øverland har også inspirert av Maria Magdalena. Han skreiv ei novellesamling med tittelen Gud plantet en hage, og får såleis stå for det litterære innslaget. Her fortel han korleis det gjekk då djevelen slutta å gjera vonde gjerningar.



Angrande Magdalena av Adolfo Tommasi 1893

Djevelen og oldemor hans rusla rundt på jorda.– Det var ei stund etter at St. Peter og Vårherre hadde vore der, så alt var i orden og på stell, ingen gjorde noko gale, berre godt. Ein dag kom dei forbi ei kyrkje og fekk høyre presten preike. Han la ut om akkurat djevelen og alle dei grove og skamelege syndene han hadde freista folk til å gjera. Djevelen vart heilt forferda av det han høyrd og svor på at heretter skulle det bli annleis! Han drog heim til helvete, sløkte alle omnar og let opp alle dører slik at dei fordømte kunne flyge opp til himmelen, der dei tidlegare vart viste bort...


St. Peter i porten var streng som før, men jomfru Maria bad for dei, og alle slapp inn – heilt til Maria Magdalena skulle til å smette forbi – då sa jomfru Maria nei «... hun skulle ikke ha inn en slik som fløi ute om natten og gjorde gjerninger med apostlene og tenkte på å bli svigerdatter i huset!» fortel Arnulf Øverland, og går dermed inn i ein levande europeisk tradisjon som har kasta ei av dei sentrale kvinnene i evangelia over til den lumre fantasiens både samtid og ettertid er godt utstyrde med.

Så er det kjelder som seier noko heilt anna. I legenden «Marias stol» vert det fortalt at sjølvaste himmeldronninga, Jomfru Maria, reiste seg frå stolen sin for Maria Magdalena

og bad henne seta seg. Så høgt vart ho verdsett i himmelen!

Den einsame kvenna som stod ved grava påske-morgen korkje sveik eller fornekta venen sin då det stod på som verst. Ho hadde fortent eit betre ettermæle. I staden vart ho opphav til eit blomstrande og mangfaldig innhald til både litteratur og biletkunst.

Salmen som vart nemnt til å byrje med, er omtala i ei tidlegare påskeutgåve av Kyrkjebladet.



Maria Magdalena av Anthony Frederick Sandys 1858 – 1860

Sigrun Sørensen



Peter og Maria Magdalena av Gerard van Honthorst 1604.

## Solidaritetskonsert for Ukraina

Sundag 13. mars, i Slidredomen: Ein konsert! Høre mannskor tok initiativ og spurde Vestre Slidre sanglag/Søraurdalskoret om dei ville vera med. Berit Kristin Klevmoen, presten vår, heldt det me må kunne kalle ein appell, engasjert og god: «Å itte kan vel noen si at halvparten er min No stikk je høl i ballongdelen din.»

Høre mannskor song som berre dei kan, songen lyfta oss i begeistring og fekk fram gleda. Vestre Slidre sanglag/Søraurdalskoret gjorde til beste både negro spirituals og Prøysen. Folk kunne gje pengar på vipps eller i kontantar. Mobiltelefonane gjekk varme, får me tru! Takk, Høre mannskor!



Vestre Slidre sanglag/Søraurdalskoret.  
Dirigent: Jan Henrik Bakke, ved pianoet: Alistair Peters



Høre mannskor. Dirigent: Silje Helland

# Skruvlekyrkja

«På grensa mellom Valdres og Hallingdal, i Baklia ved Storvatnet, kan ein enno finna restane av ei steinkyrkje – Skruvlekyrkja. Både tak og vegger er borte. Berre altaret er på ein måte heilt. Og så altarbordet: Det er ein stor stein, eller rettare sagt ei diger helle. Og så tung er denne hella at det måtte vel ei tylft eller to til å lyfte ho. Og blank og glatt er ho som ho skulle vore høvla og polert. – Av slike steinvyrke var heile kyrkja. Men no ligg desse fine byggesteinane slengde omkring. –

Det går mange segner om Skruvlekyrkja. Somme vil ha det til at ho har vore kyrkja til dei underjordiske. Det trur no ikkje eg. Då synest eg det rimar seg betre noko anna eg har hørt fortalt, at ho var katolsk. Det skal ha vore den siste kyrkja som hyste den katolske trua her i Valdres og vest i Hallingdal.

Då reformasjonen kom, vart det forbode å messe på katolsk i kyrkjene våre. Men skruvlepresten, han Anfin, var for gammal til å høyre på det øyra. I løynd messa han på katolsk like godt han.

Til desse messene var det inga klokke som ringde folk saman. Klokka var teken ned og lagd i eit løyndarrom




i Skruvleura. Kyrkjesylv og prydnadsting var unngøymt, like eins ei staseleg trestatue av Jomfru Maria. Denne jomfrua skulle vera utskoren og måla av ein goling. Og så vakker var ho å sjå, så rundlagd og raudleitt, at alle som såg ho, måtte bli hugtekne. Dei katolske var så glade i denne jomfrua si, at når dei samlast til messe, måtte dei ha ho fram att. Romet hennar var ved altaret.

Det vart snart ålkjent at de katolske heldt løyndarmesser i Skruvlekyrkja. Sjølve futen fekk nyss om det, og han var den som skulle halda justis med det slaget. I ei lagleg stund kunne ei fantekjerring fortelja futen om at Mariadagen, den 7de september, skulle det vera katolsk messe i Skruvlekyrkja. Futen gledde seg. I embets medfør ville han møta fram, han med.»

Dette skriv Anders Underdal i boka «Vedunderlege Grunke» (Fonna forlag 1968) side 29-30. Vidare skildrar han den siste messa i Skruvlekyrkja, det futen kjem med væpna sveinar og vil jage bort heile kyrkjelyden. Grunkekjempa Gudmund og andre spreke folk hindrar han. Futeflokkene vert jaga bort, og messa vert halde til endes. Seinare kjem futen tilbake med fleire sveinar og riv kyrkja.

Alt dette er fri dikting frå Andres Underdal si side. Men Skruvlekyrkja finst likevel. Om du søker på Norgeskart, dukkar namnet opp i Baklia. Køyр vegen innover i Baklia, men stopp før du krysser Skruvleåne. Der er skilta sti opp til venstre mot Skruvletjedn, Skruvlehøvda og Skruvlekyrkja. Halvveis opp i lia er skilta til Skruvlekyrkja til venstre. Eit stykke bort i lia finst endå eit skilt med Skruvlekyrkja til høgre. Eg var her sist for →





seks år sidan, men vonar skilta framleis står. Gå så oppover lia til du oppdagar ei røys med enorme steinblokkar. Dette er Skruvlekyrkja i folkefantasien. Det kan kanskje minne om ei nedrast kyrkje, men er nok heller noko istida har laga for lenge sidan. Noko som minner om altarbord har eg ikkje funne. Ver forsiktig når du kravlar rundt over og mellom steinblokkane. På toppen er det fin utsikt mot Flyvatnet. Lenger mot vest er Skruvlehøvda og Skruvletjedn. Var det Anders Underdal som sette namn på denne staden? Eller er namnet mykje eldre, og så har Anders Underdal kanskje sett steinrøysa og dikta fritt videre? I alle høve, velkommen på tur til Skruvlekyrkja.

Jahn Børre JahnSEN



**Stormens** herjinger før jul gjorde store skader rundt om og etterlot seg mye kvist, rusk og rask utover kyrkje-garden. Her er en del av Lomen sokneråd samlet til dugnad, 26. november 2021.

Tekst og biletet: Gunnhild Elverum

Jazzkonsert i Slidredomen  
5. Juni - 18:00

Iver Cardas Kvartett  
Alexandra Ridout - Alf Høines - Martin Mellem

A poster for a jazz concert. At the top, it says "Jazzkonsert i Slidredomen" and "5. Juni - 18:00". Below that is a black and white photograph of a young man with short hair, wearing a dark suit jacket, playing a classical guitar. He is looking down at the instrument. At the bottom of the poster, the name "Iver Cardas Kvartett" is written, along with the names of the band members: Alexandra Ridout, Alf Høines, and Martin Mellem.

## Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidaregåande skule eller deltek på kristne leifar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: [torgeirforsminne@yahoo.no](mailto:torgeirforsminne@yahoo.no)

## Gåver til kyrkjene

Dei to siste åra har inntekta frå takkoffer vore lite og sokneråda har like mange oppgåver som før. Viss de ynskjer å gje gåver til kyrkjene, er dette konto- og vippsnummer:

**Lomen:** Kontonr. 2153 60 07250  
vipps 137884

**Slidre:** Kontonr. 2153 20 03528  
vipps 109786

**Røn:** Kontonr. 2153 20 03420  
vipps 105863

## Våren på kyrkjegardene i Vestre Slidre:

- Dugnad blir annonseret på nettside/facebook og i avisila våren
- Hugs at de ikkje må bruke eingongslykter med mindre dei står inne i ei anna lukka lykt. Fuglane tek med lyktene, og hard plast og metall kan kome i dyrefør og gjere stor skade!
- Treng du eller nokon du kjenner hjelpe til stell av graver, tilbyr kyrkja teneste for dette – ta kontakt med kyrkjekontoret for info og pris.

Veslemøy Kvamme, kyrkjeverje

# Naglet til et kors på jorden

Stabat mater dolorosa, mora står i smerte, er ei kristen lovprising av Maria, Jesu mor. I den katolske kyrkja er denne hymna fast innslag i liturgien på minnedagen for jomfru Maria 15. september og på fredag før palmesundag.

I norsk salmebok har me iallefall to salmar knytt til denne lovprisinga, nr 167, *Under krossen stod med tåra*, og nr 171, *Naglet til et kors på jorden*.

Den katolske grunnteksten er skiven på 1200-talet, i dag blir Bonaventura rekna som den mest sannsynlege forfattaren, andre kjelder seier at Jacopone da Toda har skrive teksten. Båe desse forfattarane var knytte til fransiskaneordenen som Frans av Assissi stifta. Lovprisinga er tonesett av mange komponistar opp gjennom hundreåra.

Salmen vart omsett til dansk av Benjamin C Sporon i 1777, melodien me brukar i dag er komponert av Hardenack Otto Conrad Zinck i 1801.

## Naglet til et kors på jorden

1. Naglet til et kors på jorden, henger under vredens torden,  
himlens herre og Guds sønn.

Selv den eviggode Fader, ham i kvalene forlater, hører taus hans angstbønn.

2. Å hvor engstet og bedrøvet, inntil døden høyt bedrøvet,  
er den ømme Frelsers sjel!

Vredens fulle beger drikke må han, ellers ikke blir hans frelseskalk min del.

3. Hvem kan tenke på den smerte uten med et såret hjerte,  
om endog en synder led!

Men her led den evig høye – smelt mitt hjerte, gråt mitt øye. se, her lider hellighet!

4. For all verdens syndebrøde ville verdens Frelser bløde,  
tåle spott og sår og bånd.

Og til sist all livets kilde senket hodet mens han stille segnet og oppgav sin ånd.

5. Gode frelser, kan jeg tåle kraften av en guddomsstråle,  
å, så send fra deg den ned!

Tenn meg, at jeg må, jeg arme. full av ånd og hellig varme, kjenne all din kjærligheit!

6. Å, la aldri noensinne korsets tre meg gå av minne,  
som deg, frelsens første bar!

Men la kors og død og smerte tale, rope i mitt hjerte hva min frelse kostet har!

7. Hjelp at jeg fra synden treder og meg alltid varsomt gleder  
ved min salighet og fred!

Kjøpt jeg ble, ditt navn skje ære! Dyrekjøpt – å, la det være varsel for meg hvert et sted!

8. Ja, forsoner, la meg være ofret deg til takk og ære,  
helliget ditt velbehag!

Sonet ved den død du døde, skal jeg deg frimodig møte på den siste store dag.



## Her er noko av omsetjinga til Bernt Støylen:

Standande i gråt og kvida Herrens mor ser Sonen lida høgt på kross og skjemdarstre  
Skjelvande, til dauden såra og av sverdet gjennombora stend ho i sin hjartevé  
Ingi sorg er tung som denne, ingen hev so djupt få kjenne liding som Guds fagna mor  
Men hjå Sonen vil ho vera og med honom liding bera til hans siste sukk på jord  
Kan det nokon utan tåre sjå ho i sin liding såre bogna under krossen ned?

Eg lærte salmen på skulen og vart djupt gripen av smarta som er skildra. Korleis gjekk det an at Jesus, som var godheita sjølv, skulle gå gjennom så mykje vondt? Lurer vel på dette enno...

Johanna Fuglesteg

# Barneside

## 1 Kva for eit bilete skal ut?

Kva for eit bilete høyrer ikkje til dei andre?  
Sett eit kryss over det bilete som du meiner skal ut.


Oppgåve 1



Oppgåve 2



Oppgåve 3




Oppgåve 4



## 3 Påskekryss

Jesus - kors - krokus - palmeblad - bibel - appelsin - påskehare - påskeegg - esel



## 2 Fargelegg bildet



## 4 LEITEKRYSS

Sett ring rundt orda. Leit vassrett og loddrett.

A	M	R	A	T	N	W	E	N	U	I
Z	P	A	L	M	E	B	L	A	D	F
J	Å	F	K	Æ	S	Q	I	T	P	Y
K	Y	R	K	J	E	B	G	T	X	U
H	Ø	B	M	I	L	O	D	V	V	B
V	B	Y	D	K	U	N	I	E	Æ	Ø
P	I	S	T	O	R	N	A	R	G	E
S	B	C	Ø	R	X	S	C	D	U	I
J	E	S	U	S	A	Å	R	H	J	L
Z	L	E	Q	L	T	G	R	A	V	I
W	I	O	Y	G	S	J	H	F	Å	K

© www.undervisningsmetoder.com



Sigrun Sørensen

# **Velkommen til Vestre Slidre Jovita Budvbyterne!**



*Konfirmantane Gabriel Krossøy-Gullhaug, Marta Monsen, Audun Garvik og Sondre Teigen Oldre omkransar Jovita og ynskjer ho velkommen.*



*Konfirmant Adrian Kvale dokumenterte at han var på Jovita si første gudstesta med eit bilet og sa: «Eg tek biletet her, for ho er jo ny.»*



Kort om meg selv, sier Jovita:

«Jeg er født i Vilnius, Litauen. Her gikk jeg på kunstskole og videregående og studerte musikk på musikkakademi. Jeg studerte fiolin, piano og musikkvitenskap.

Senere flyttet jeg med familien min til Estland hvor vi bodde fram til vi flyttet til Norge i 2017. Jeg har en sønn som er 20 år gammel, han bor i Skjåk. Med meg bor nå fosterdattera mi på 13 år. Jeg jobber i kulturskolen i Vang og Nord-Aurdal som piano, fiolin og orgel lærer, også har jeg barnekor. Og nå er jeg altså her i Vestre Slidre. Tro og kirke spiller en viktig rolle i livet mitt. I tillegg er jeg veldig glad i musikk. Og da er jeg spesiell glad for å kunne jobbe som organist. Jeg er veldig motivert og har mange ideer...»



Vi er glade for at du er kome til oss Jovita! Vi håper du trivst saman med oss. Jovita fekk og møte alle sokneråda i prestgarden 7. mars, dagen etter hennar første gudsteneste.

No gler vi oss til å bli betre kjend med deg!

*Tekst og bilet: Berit Kristin*

*Leiar i Røn sokneråd, Stein Ivar Sørengen og soknerådsmedlem i Lomen, Gunnhild Elverum, tok imot Jovita.*

# Kven vil du foreslå som ny biskop i Hamar bispedømme?

I oktober 2022 blir biskop Solveig Fiske 70 år. Allereie i vår startar prosessen fram mot tilsetting av ny biskop i Hamar bispedømme. Medlemmane i kyrkja vil bli invitert til å foreslå aktuelle namn til å ta over leiaroppgåva.

Etter ein grundig gjennomgang av forslaga skal Hamar bispedømmeråd nominere inntil fem namn. Det vil etterpå bli gjeve høve til supplerande nominasjon.

Kyrkjelydsråd, prestane i bispedømmet, dei vigsla tilsette i bispedømmet, alle prostane i Den norske kyrkja og nokre fleire vil så bli inviterte til å delta i ei rådgjevande avstemming. Dei tre kandidatane som får flest stemmer blir med vidare i prosessen.

Hamar bispedømmeråd og biskopane i Den norske kyrkja skal da uttale seg om kven av dei tre kandidatane som er mest skikka til oppgåva.



Foto: Hekta. Foto av biskop em. Rosemarie Kohn: Arnfinn Johnsen

Til slutt er det Kyrkjerådet som tilsett ein av dei tre kandidatane til ny biskop i Hamar bispedømme. Les meir på: [www.kirken.no/hamar](http://www.kirken.no/hamar)

*Hamar bispedømmeråd*

## Også nå

To år er gått. Pandemi har vore ein del av kvardagen vår, og eg vil berre seie:

Vi har stått oppreist fordi vi bæres av noe større enn oss selv.  
Kirkedørene har vært åpne fordi menneskers lengsler lever.  
Bønner er bedt fordi vi må ha et sted å rope ut alt som i oss bor.  
Også nå.  
I hvert fall nå.

Lys er blitt tent fordi ikke alt kan ordsettes.  
Barn og unge er blitt døpt fordi vi trenger kjærighetens kraft og mysteriet som løfter oss opp.  
Også nå.  
Steder der det uforskbarlige bare kan leve.  
Der vi kan være.  
Det vi er.

Døde er blitt begravet fordi vi trenger å overgi. Trenger å følge. Trenger å bære.  
Finne hvile.  
Sorgtunge skritt er tatt.  
Også nå.  
Det er å leve.

Konfirmanter har knelt på alterringene fordi her er det nåde – akkurat slik jeg er.  
Barn har klattret tårntrapper og danset i kirkerom fordi det er plass til alt her.  
Også nå.

Salmer er sunget høyt og mest i det helt stille fordi sangen og musikken berører samme hva.  
Orgelbrus har fått oss til å sveve fordi vi inderlig har trengt å bli omfavnet.  
Også nå.

Velsignalser er bedt. Korstegn tegnet.  
Fordi Gud er nær.  
Også nå.

.....og over alt dette skrives mysteriets navn på himmelen.....

*Berit Kristin Klevmoen*


# Nytt frå sokneråda i Vestre Slidre!

## Gåver til nye kyrkjestova i Slidre

- Bygging av den nye kyrkjestova i Slidre er i full gang. Den er planlagt ferdigstilt 1. juli 2022. Slidre sokneråd er takknemlege for gåver til innkjøp av møblar og utsmykking.

## Nytt gjerde ved Slidredomen


- Det gamle stakittgjerdet ved Slidredomen var i dårlig forfatning og klart for utskifting. Slidre sokneråd vedtok i juni-21 at vi ville gå for å seta opp ny skigard i staden for anna gjerde. Gamle biletar av Slidredomen viser at det har vore skigard utanfor steinmuren og på både sider av vegen på oversida i tidlegare tid. Skigard i sør-vestre del av kyrkjegården ville også harmonere fint med den nye skigarden på oversida av vegen mot Stupulen. Kyrkjevege sökte Riksantikvaren og Statsforvaltaren og fekk godkjenning i juni. Soknerådet og Berit Kristin reiv det gamle gjerdet på dugnad, og Valdresskigard sette opp nytt gjerde som var ferdig seinhausten 2021. Prosjektet er finansiert av Fellesrådet og Slidre sokneråd.



## Nye benkar på kyrkjegården

- Det var også på tide å skifte ut nokre av benkane på kyrkjegården i Slidre, og vi kjøpte inn seks flotte benkar produsert av Syver Kvaal i Sør Aurdal. Desse kom på plass Jonsokaftan 2021.

Toril Olvik, leiar Slidre sokneråd



## Prosesjonskross til Røn kyrkje

Motivet på biletet er brodert på antemensalet, alterbordframsida, i Røn kyrkje. Dette tok Knut Olav Dokken utgangspunkt i då han skulle teikne utkast til prosesjonskross. Han har brukta fargane i kyrkja, både fargane på antemensalet og fargane elles i kyrkja. Soknerådet ba folk i bygda om pengar til dette føremålet, gjevargleda var stor! Saman med pengar Berit Kristin sökte om, og fekk til kyrkja, vart det nok. Teikningar vart godkjende av bispedømmet, og no er Knut Olav i gang! Me gler oss til å sjå krossen og ta han i bruk.

## Brurestolane

i Røn kyrkje treng ny stopp. Sigbjørn Ødegård skal gjera dette arbeidet i vår, heilt gratis! Slik blir det når nærmeste nærørande er både klokkar og medlem av soknerådet...

## I Røn kyrkje

er det også sett av pengar i budsjettet til reparasjon av våpenhuset.

## Måling av Øyjar kapell

Det er budsjettet med måling av Øyjar kapell i årets budsjett, drenering rundt kapellet er alt gjort. I tillegg vart det nyt gjerde rundt kapellet i summar. Det går framover!

Johanna Fuglesteg, skrivar i Røn sokneråd.

# KYRKJELEGE HANDLINGAR

## Desember 2021 – mars 2022

Jordfesta	<b>Lomen sokn:</b>	21.01.22	Ola Tande	f. 1939
	<b>Røn sokn:</b>	14.01.22	Ingebjørg Hole	f. 1929
		27.01.22	Henriette Svensson Øygard	f. 1982
		04.02.22	Arne Øygard	f. 1943
		02.03.22	Knut Røn	f. 1932
		25.03.22	Ola Storhaug	f. 1927
	<b>Slidre sokn:</b>	09.12.21	Solveig Bergheim	f. 1937
		14.01.22	Marit Skogstad	f. 1940
		09.02.22	Olav E. Kvale	f. 1925
		10.02.22	Ivar Andersen	f. 1942
		16.02.22	Randi Lahaug	f. 1953
		17.03.22	Olav Bråten	f. 1933
Døypte	<b>Lomen sokn:</b>	12.12.21	Aleksander Bjørklund Kårstad (Bur i Høre sokn)	
	<b>Røn sokn:</b>	13.03.22	Alfred Bekkevold Tjernslien (Øyjar kapell)	
	<b>Slidre sokn:</b>	30.01.22	Ida Bråten Hamre	
		30.01.22	Nora Haugrud Kampesveen	

## Konfirmantar våren 2022

### Slidredomen 28. mai kl 10.00 og 11.15

Signe Marie Myrheim  
Sondre Teigen Oldre  
Eva Berge  
Eimund Lennart Svanheld - Busse  
Viljar Leonard Svanheld - Busse  
Victoria Reien Frestad  
Anne Marthe Færden Wangensten  
Leah Antonsen Røn  
Ine Valentina Wikerholmen  
Eline Sundheim  
Ulrik Sørum Hambro  
Trym Hovi Berge  
Pelle Johan Lubke  
Nils Åsmund Dokken Unhjem

### Lomen 28. mai kl. 13.00

Steffen Berget Håkerud  
Mai Hålien  
Gabriel Krossøy - Gullhaug  
Audun Garvik  
Marta Monsen  
Adrian Kvale

### Røn 29. mai kl 11.00

Simen Thon  
Kaisa Nybråten Berg  
Gurid Røn  
Arne Alexander Brenden Tjernslien  
Simen Feuerherrn Myrvang  
Sindre Skaran Tveit

# MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.  
Fylg med på kyrkja si nettside og facebookside!

<b>Dato</b>	<b>Dag</b>	<b>Tid</b>	<b>Stad</b>
<b>APRIL</b>			
10.04	Palmesundag	11.00	Lomen
14.04	Skjærtorsdag	12.00	Sekskanten, Vaset
15.04	Langfredag	19.00	Slidredomen
17.04	1. påskedag	12.00	Slidredomen
18.04	2. påskedag	11.00	Sjukeheimen
24.04	2. s i påsketida	Frihelg	
<b>MAI</b>			
01.05	3. s i påsketida	11.00	Røn
08.05	4. s i påsketida	19.30	Lomen
15.05	5. s i påsketida	11.00	Slidredomen
17.05		09.45	Slidredomen
17.05		11.30	Røn
22.05		Frihelg	
28.05	Konfirmasjon	10.00	Slidredomen
28.05	Konfirmasjon	11.15	Slidredomen
28.05	Konfirmasjon	13.00	Lomen
29.05	Konfirmasjon	11.00	Røn
<b>JUNI</b>			
05.06	1. pinsedag	11.00	Slidredomen
06.06	2. pinsedag	11.00	Sjukeheimen
12.06	Treeiningssundag	Frihelg	
19.06	2. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen
26.06	3. s i treeiningstida	11.00	Røn
29.06	Pilegrimsmesse	19.00	Slidredomen
<b>JULI</b>			
03.07	4. s i treeiningstida	11.00	Røn, Fystro
10.07	5. s i treeiningstida	Frihelg	
17.07	Aposteldagen	11.00	Lomen, Syndinstøga
24.07	7. s i treeiningstida	11.00	Slidre, Mo kyrkjeruin
29.07	Olsok	19.00	Lomen stavkyrkje
31.07	8. s i treeiningstida	Frihelg	
<b>AUGUST</b>			
07.08	9. s i treeiningstida	11.00	Røn Vasetstølen
14.08	10. s i treeiningstida	Frihelg	
21.08	11. s i treeiningstida	11.00	Lomen
28.08	12. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen
<b>SEPTEMBER</b>			
04.09	13. s i treeiningsida	11.00	Lomen
11.09	14. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen
18.09	15. s i treeiningstida	Frihelg	

På kvar messe blir det teke opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst på gudstenesta.

# KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope mandag – torsdag fra 09.00 – 15.00.

## TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Berit Kristin Klevmoen	61345052 93231814	Sokneprest	bk788@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslien	61345098 92887778	Trusopplærar og kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Jovita Budvtytene	48626468	Organist	jb459@kirken.no
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel. Ringjar i Slidre Reinhaldar i alle sokna	vladovicmig21@yahoo.com
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	johfugl@gmail.com
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar ved gudsteneste i Slidre sokn	jndontcha@gmail.com
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	j-ole-b@n2u.no
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	neormest@online.no
Odd Jørgen Sørengen	91322796	Kom. valt repr. i Fellesrådet	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>  
Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!

## God påske!

Helsing frå oss i redaksjonen

Johanna Fuglesteg, Sigrun Sørengen, Anne Karin Ruud Truberg, Per Olav Eide, Are Alund og Veslemøy Kvamme

E-post til Kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com.

Kom gjerne med stoff eller innspel til kva me bør skrive om eller ha med!

## Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

## Kondolanseteleggram

kan du kjøpe hos:

**Lomen:** Joker Ryfoss,  
soknerådsmedlemmar  
**Slidre:** Coop Slidre  
**Røn:** Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.



**Slidre bygg & prosjektering a.s**

Tenk sikkerhet, bruk fagfolk

 **Vestre Slidre El-installasjon A/S**

Tlf.: 61 34 32 90

elektriker-slidre.no

**KIWI mini pris**

Kiwi Røn – Lundeskogen 9 – 2960 Røn

**Valdres Varme & Sanitær**

Gunnar Hovda  
Tlf. 481 27 903  
Industrivegen 41  
Ryfoss